

Fylkesordførar Jon Askeland  
Vestland fylkeskommune

Knarvik, 2. juli 2021

### **Kraftsituasjonen i Nordhordland og Vestland har gått frå vondt til verre**

Regionrådet Nordhordland meiner at kraftsituasjonen i Nordhordland og Vestland har gått frå vondt til verre, me viser her til at Statnett har beslutta at ingen langs kysten vår får ein einaste MW før tidlegast i 2026.

Statnett føreslå sågar at statlege midlar som skal stimulera til industrietablering skal prioriterast til område som minst har tilgang på 300MW. NVE følger opp dette med å varsle forlenging av konsesjonshandsamingar og skuldar på manglande kapasitet.

Dette betyr at det grøne skiftet i Vestland er utsett til slutten av 2030-talet - og det i den regionen som produserer mest kraft! Me antar at situasjonen også er lik i Rogaland. Regionrådet og næringslivet i regionen er sterkt bekymra for regionen sin moglegheit til å vera med det grøne skiftet grunna kraftsituasjonen i regionen på kort og lengre sikt.

Regionrådet viser til det tette og gode samarbeidet som har vore det siste året mellom Vestland fylke, Regionrådet og næringslivet i regionen vedr. kraftforsyningssituasjonen i diverse høyringsuttalar og møte med Statnett, og andre sentrale styresmakter.

Regionrådet vil med bakgrunn i dette be om at fylkesordførar raskt tar initiativ til eit tverrpolitisk samarbeid, gjerne etter modell frå vårt nylege samarbeid om NTP, for å få nasjonale styresmakter til å rydda opp i det me meiner er urimeleg. Fylkesordførar må gjerne invitera Rogaland med i dette samarbeidet slik at Vestlandet står samla om det.

Argumenter:

- Konsesjonsbehandlingstider må ned
- Samfunnsøkonomiske vurderinger må leggjast til grunn for tildeling av kraft og nettutbygging – verdiskaping må vera sentralt
- Store eksisterande industriområde / industrikklynger med stor kompetanse og reelt behov for omstilling til det grøne skiftet må ikkje ofrast
- Statkraft og NVE må få reviderte intensiver som samstemmer med samfunnets behov
- Ein må unngå at statlege monopolistar i praksis styrer næringspolitikken og bestemmer kor ny industri skal etablerast – det er rimeleg å anta at det kostar samfunnet meir å flytta på folk enn å byggje kraftlinjer
- 

Med venleg helsing

Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

Sara Sekkingstad  
Nestleiar  
Regionrådet Nordhordland